



## **VEDTEKTER FOR SANDE FRIVILLEGSENTRAL**

### **1. Namn og visjon**

- Frivillegsentralen sitt namn er: Sande frivillegsentral
- Visjonen vår er:  
«Saman for å skape eit godt og inkluderande lokalsamfunn med god folkehelse og trivsel for alle»

### **2. Formål**

- Frivillegsentralen skal vere ein lokal og open møteplass for alle som ønskjer å ta del i frivilleg arbeid i Sande Kommune.
- Frivillegsentralen skal ha fokus på brukarmedverknad.
- Sentralen skal i samhandling med lag og organisasjonar i kommunen auke aktivitetar som styrkar felleskapet i nærmiljøet - samt avhjelpe individuelle behov.
- Den frivillege innsatsen skal kome i tillegg til det samarbeidet som er i dag mellom kommunen og frivillege organisasjonar.
- Sentralen skal nyttiggjere seg noverande lokalitetar i dei ulike bygdene til ulike aktivitetar.

### **3. Eigar**

- Sande kommune er eigar av Sande Frivillegsentral. Sande frivillegsentral vert p.t. knytt opp til Eining for Helse- og tenestekoordinering, og kontor vert lokalisert i Sande kommune sine lokaler.

### **4. Årsmøte**

- Helse- og omsorgsutvalet er årsmøte/representantskap for frivillegsentralen.
- Årsmøtet skal vere ein gong pr år. Ekstraordinært årsmøte kan krevjast av ein av eigarrepresentane eller av styret.
- Årsmøtet skal velje styret, godkjenne budsjett og rekneskap, samt føre kontroll med sentralen sin drift.
- Årsmøte vel styremedlemmar for to år om gongen. Fyrste gongen går to ut etter eitt år ved loddtrekning.
- Styret konstituerer seg sjølve
- Sande valutval er valnemd også for styret i frivillegsentralen.

## 5. Styret

- Årsmøte vel styre for Sande frivilligsentral på fem personar: 2 representantar frå eigar og 3 representantar frå frivillege organisasjonar. Ein i styret bør vere brukarrepresentant.
- Styremedlemmane frå eigar er valde for 4 år og følgjer kommunevalperioden.
- Styremedlemmar frå frivillege organisasjonar er valde for 2 år om gongen. Fyrste gongen går to ut av styret etter eitt år ved loddtrekning. Dei
- Styret er ansvarleg for drifta i tråd med vedtektene - og vert daglege leiar sin nærmaste overordna.
- Styret skal syte for at drifta er i samsvar med budsjett og at protokoll vert ført.
- Styreleiar skal ha jamnleg og god kontakt med dagleg leiar, og samarbeide med leiar av Eining for Helse- tenestekoordinering ved behov.

## 5. Dagleg leiar

- Dagleg leiar vert tilsett gjennom kommunen sitt ordinære tilsettingsorgan.
- Dagleg leiar rapporterer til styret og har administrativt samarbeid gjennom leiar for Eining for Helse- tenestekoordinering.

## 6. Økonomi

- Sande Frivilligsentral skal i hovudsak finansierast gjennom kommunale midlar og tilskot frå staten.
- Budsjett og rekneskap vert ført i kommunen sitt rekneskap som eige prosjekt.

Vedtektene vedteke av Helse – og oppvekstutvalet i sak HO-31/21, den 29.09.2021.

Endra av Helse- og oppvekstutvalet i sak HO-16/23, den 31.05.2023

